



Prosjektstyring Vest AS
Pb 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1011 - 15/10294

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
27.05.2015

Mangel- Søknad om planering og oppføring av industri og kontorbygg på gbnr 22/218

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om planering og oppføring av industri og kontorbygg på gbnr 22/218 på Mjåtveit og ser at søknaden er mangelfull. Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert innsendt:

- Det må søkjast om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup for industri og kontorbygg.
- Det er oppgitt i nabovarslinga at De skal ha oljeutskillar av avlaupsvatnet, tiltaket kjem inn under Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensningsforskrifta) § 15-1 bokstav e). Krav til skriftleg søknad og dokumentasjon følgjer av forskrift § 15-4. Kommunen er forurensningsmynde og fører tilsyn ved påsepp av m. a. oljeholdig avlaupsvatn, jf. Forskrifta § 15-2. Slik søknad må sendast kommunen.
- Tiltaket er søkt med prosjekterande (PRO) i tkl 2. Når prosjekterande er i tiltaksklasse 2 utløyser dette krav om uavhengig kontroll for bygningsfysikk, konstruksjonssikkerhet, geoteknikk og brannikkerhet jmf. Byggesaksforskrifta (SAK10) § 14-2. Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for uavhengig kontroll for dette fagområde.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova § 20-1 ligg føre. Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil søknaden verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Prosjektstyring Vest AS

Pb 66

5318

STRUSSHAMN